



friskt

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!

Nr 12 | November 2021 | årg. 6



Kundemagasin

Side 4

Helse i kvar ein droppe!

- Og det er ganske mange dropar me snakkar om i Bømlo symjehall!

Side 10

Bømlo i rute med vatn og avløp

- Siste hand på ny «Hovudplan for vatn og avløp» for Bømlo



Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Vårt fantastiske næringsliv!

Det er ikkje utan grunn at Bømlo og Sunnhordland blir trekt fram som døme i lærebøker om gründerskap.

Me ser at mange, spennande utbygging-prosjekt ligg på beddingen. Og me ser bedrifter som er heilt framme i skoen i det grønne skiftet. Me forsyner verda med mange hundretusen middagar kvar einaste dag, etter kvart millionar! Og me utviklar verdsløiande teknologiar og produkt. Det er berre å ta av seg hatten for alle dei dyktige menneska som er med å skape dette næringslivet.

Formidabel utbygging

Så har me takka vere offensive politikarar og spenstige satsingar fått nok eit aktivum i kommunen; gode vegar som er dimensjonerte for framtida. Me får bu i ein kommune med ein sterk framtidsvisjon, som veks og utviklar seg.

Me har fått til det gode samarbeidet mellom aktørane i denne utviklinga. Me har klart å henga med slik at vatn- og avløpssituasjonen er god og me unngår tunge og kostnadskrevjande løft framover. Me ser difor ikkje for oss ei dramatisk auke i gebyra i åra som kjem.

Løyslege utfordringar

Så veit me at vokster kan vera krevjande, og av og til smertefullt. Dei store, industrielle utbyggingane gir oss utfordringar på finansieringssida. BVA skal levera «tilstrekkelige mengder helsemessig, trygt drikkevann som er klart og uten fremtredende lukt, smak og farge», som det heiter i drikkevassforskrifta. Produksjonsvatn til bedriftene ligg difor utanfor leveringsplikta til BVA. Det er opp til

«Det er berre å ta av seg hatten for alle dei dyktige menneska som er med å skape dette næringslivet»

vår eigar om dette skal finansierast gjennom sjølvkostrekneskapan eller om ein kan finna andre måtar å finansiera desse naudsynte investeringane.

I god Bømlotradisjon trur me utfordringane er løyslege. Igjen er samarbeidet mellom

kommune og næringsliv avgjerande. Dette får me til!

Audun Halleraker,
dagleg leiar



BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Zpirit AS
Foto: Zpirit/andre
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsdebilde:

Stor glede og energi i Bømlo symjehall.



Endeleg tilbake i normalt gjenge

Ove Andre Vedøy kan igjen ha ein nokolunde normal kvardag etter halvtanna år med pandemi.

– Den viktigaste lærdomen har kanskje vore kor viktige gode beredskapsplanar er, meiner dagleg leiar.

I september i år var alle tilsette i BVA tilbake i ein normal driftskvardag, etter halvanna år i så å seia konstant krisemodus. Som i resten av samfunnet, gav nedstenginga av landet 12. mars 2020 BVA ei lang rekke usvara spørsmål.

– Hovudbekymringane våre heilt i starten av pandemien var om me ville greia å drifta vassforsyninga og avløpsnettlet dersom mange i bedrifta blei sjuke. Me kjende også på ei stor uvisse knytt til om coronaviruset kunne smitta gjennom drikkevannet eller avløpssystemet, slik at dei tilsette kunne bli sjuke gjennom arbeidet. Uvisse om vår aktivitet blei ein smitteberar før me fekk avkrefta dette gjennom dialog med Mattilsynet og helsestyresmaktene, minnest dagleg leiar Audun Halleraker.

I forkant

Han fortel at BVA på mange måtar var i ein heldig situasjon ved pandemiutbrotet her til lands. Då viruset starta spreia seg ute i verda og BVA-leiinga såg at det nærma seg Noreg, tenkte dei at det kunne no ikkje

skada å etterlysa informasjon og planlegga litt – sånn i tilfelle.

– Me var kanskje veldig tidleg ute, for då eg etterspurde pandemiplanar frå andre vass- og avløpsføretak var det ein del som lurte på kva eg styrte med. Basert på det me hadde av tilgjengeleg informasjon, utarbeidde me vår eigen beredskapsplan, fortel Halleraker.

Han og resten av leiinga rekna eigentleg med at den ferske pandemiplanen ville bli liggande ubrukt i ei skuff. Slik gjekk det som kjent ikkje, og berre veker etter planen var klar måtte BVA ta i bruk dei ferske smittevern- og beredskapstiltaka.

– Det første me gjorde var å stenga kontoret for publikum, splitta arbeidsstokken og avvikla alle fellesmøte. Driftspersonellet blei delt opp i to- og einmannskohortar, og dei som kunne, møtte på jobb ute på anlegga eller starta heimanfrå. Målet med denne organiseringa var å minimera konsekvensane for drifta dersom ein av våre skulle bli smitta, fortel driftsleiar Odd Petter Habbestad.

– Heimekontor var noko herk

I administrasjonen tok alle unntatt den eine driftsleiaren og kontorleiaren med seg jobben heim då landet stengte ned. Teams vart den nye samhandlingsarenaen.

– Å jobba heimanfrå fungerte greitt. Eg kunne utføra alle arbeidsoppgåvene mine der, og sidan dei aller fleste kundane kontaktar oss via telefon eller epost trur eg ikkje dei merka så mykje til stenginga av kontoret. I sum synest eg me klarte å drifta BVA bra gjennom pandemien, seier sekretær Elise H. Halleraker.

Ho vedgår likevel at ho sjølv tykte heimekontor var noko herk. – Eg sakna å gå på jobben, vera på kontoret, møta kollegaene og få både fagleg og sosialt påfyll frå dei. I starten av pandemien følte eg òg at eg sat i ein skvis mellom arbeid og heimeskule, fortel trebarnsmora.

For å sikra seg ved mannskapsmangel som følgje av pandemien, inngjekk BVA òg avtalar med eksterne personar som kunne stilla som reservepersonell. Administrasjonen sikra seg dessutan gode back up-løysingar for innkjøps- og økonomifunksjonane.

– Heldigvis trong me aldri kalla inn reservane. Me kom oss gjennom pandemien utan smitte i staben, avsluttar dagleg leiar.

Elise Halleraker syns det er godt å få sosialt og fagleg felleskap igjen.





Stadig fleire tar ein dukkert i Bømlo Symjehall, eit svært populært tilbod i alle aldrar.

lære. Me har 10 plassar på Aqua run og 20 på Aqua gym, og sist var det fullt på begge timane – med deltakararar frå både Bømlo, Stord og Valevåg. Aqua gym og Aqua run passar både for dei som har trent ein del, og for dei som treng alternative treningsformer som reduserer belastninga på musklar og skjelett. Vatnet i bassenget gir belastning, og me brukar motstanden i vatnet til å trene styrke og uthald. Samtidig dempar vatnet belastninga på kroppen, noko som gjer dette til ypparleg trim for folk som av helseårsaker ikkje kan nytta seg av andre treningsformer, forklarar Steinsbø.

Symjehallen arrangerer òg symjeopplæring for minoritetsspråklege, fordelt på tre grupper.

– Dette er veldig givande timar. Somme av deltakarane hadde aldri har vore i eit basseng før dei byrja hos oss. Opplæringa me gir femnar om alt frå vasstilvenning til rørsle i vatn og symjing, forklarar Steinsbø.

Siste tilskot i aktivitetskalenderen til Bømlo symjehall blir eit heilt nytt tilbod om baby- og barnesymjing.

– Me har for tida to instruktørar på kurs, og håpar å kunna starta opp baby- og barnesymjinga utpå nyåret, seier bassengsjefen.

– Stor gevinst for folkehelsa
Etter å ha arbeidd med helse og rehabilitering heile livet, har ho aldri jobba med så mykje direkte rehabilitering som det ho gjer i dag.

– Me får så mange positive tilbakemeldingar om kva aktiviteten i bassenget betyr for enkelte, i form av til dømes redusert medisiner og mindre skulder- og ryggplager. Bassenget gir helse i kvar einaste dropel! Folkehelsegevinsten me får frå fysisk aktivitet og sosialt fellesskap for alle, er kjempestor! Det gløymer ein kanskje litt oppi all gleda og moroa i bassenget. Å bli trygge i vatn bidrar dessutan til å redda liv – ikkje minst i ein øykommune som Bømlo, poengterer Elin Steinsbø.



Det omfattande tekniske anlegget handterer store mengder vatn og blir følgd opp av driftsoperatør Tore Mæland.

Avhengige av reint vatn

Bassenga, dusjane, reinhaldet: Vatn er definitivt ein nøkkelressurs i drifta av Bømlo symjehall.

– Vassforsyninga er kjempeviktig for oss. Utan eit reint og godt vatn inn i systemet, ville det vore vanskelegare for oss å halda oppe den høge vasskvaliteten og reinse-systema våre måtte jobba mykje hardare. Krava til kvaliteten på badevatnet er faktisk strengare enn for drikkevotnet me får inn, og me tek prøvar fleire gongar dagleg for å

sikra at me oppfyller alle parametarar, forklarar Steinsbø.

Ho minner samstundes om at det er du og eg som kanskje har mest å seia for vasskvaliteten i hallen.

– Det er svært viktig at våre besøkande er nøye med å vaska kropp og hår før dei går i bassenget. På den måten slepp me å bruka ekstra klor i reinsinga av vatnet, oppfordrar Steinsbø.

– Helse i kvar ein droppe!

Kvar veke bidrar aktivitetane i Bømlo Symjehall til helse, meistring og opplevingar for over tusen bømblingar og tilreisande badenymfer. – Det aller beste er at me har greidd å fenga så mange ulike grupper, heilt frå dei yngste til dei eldste, synest bassengsjef Elin Steinsbø.

Ho og dei 11 kollegaene i symjehallen opnar denne hausten dørene til den fjerde badesesongen i dei topp moderne basseng-fasilitetane på Leite.

– Tida før og etter hallen har vore som natt og dag for symje- og badetilbodet i Bømlo, meiner Steinsbø.

Strøymer til - frå fjern og nær
Sidan opninga i 2018 har både det 25 meter lange konkurransebassenget og opplæringsbassenget blitt flittig brukt.

– Tilbodet har blitt veldig godt mottatt, både av bømblingane, tilreisande frå andre

sunnhordlandskommunar og Haugalandet, og av dei mange feriegjestene i området. I ei normalveke har symjehallen rundt 1000 besøkande i snitt. Rekorden er rundt 1400 badande på ei veke, fortel bassengsjefen.

På dagtid er det i hovudsak skuleelevar som boltrar seg i vatnet, som del av symjeundervisninga. Alle skulane, bortsett frå Våge, Hillestveit, Foldrøy og Rubbestadneset, har i dag symjeundervisninga si i hallen. Onsdagar er det i tillegg ein eigen time for seniorsymjing midt på dagen, der alt frå godt vaksne med rullator til yngre seniorar kjem for å symja og bevega seg i eit stille og fredelig basseng.

Ny arena for mosjonistane
På ettermiddags- og kveldstid, gir bassenget eit variert tilbod til ei rekke ulike grupper. Timane då bassenget er ope for alle, er kanskje dei mest populære. Då er det mange familiar og ungdomsgrupper i vatnet, og stupetårn og -brett er ope for dei som vil

kasta seg ut frå ein-, tre-, og femmeteren. I tillegg inneheld timeplanen dedikerte tider for dei som vil symja i bane for å mosjonera. Då er stupetårnet stengt.

«Me får så mange positive tilbakemeldingar om kva aktiviteten i bassenget betyr for enkelte»
Elin Steinsbø
Dagleg leiar Bømlo Symjehall

– Noko av det viktigaste me har klart i symjehallen sin regi, er å få tak i mosjonistane. Det er veldig mange vaksne folk som går her og sym regelmessig. Mange har gjerne ikkje symjebakgrunn, men kjem fordi dei har oppdaga symjing som ein kjekk, effektiv og skånsam måte å trene på. Her er det plass både til dei som sym sakte og dei som sym fort, og bømblingane har vore utruleg flinke til å innarbeida seg rutinar som gir rom for alle i symjebanane – uansett ferdigheiter og tempo, rosar Steinsbø.

Startar baby- og barnesymjing
Bømlo symjehall har òg starta timar med Aqua gym og Aqua run. Aqua gym er bevegelse til musikk i bassenget, medan Aqua run er springing i vatn.

– Begge desse tilboda har blitt svært popu-



Foto: Jarle Andreassen / BVA

Godt rusta for meir regn

Klimaendringar gjer at Noreg vil få meir nedbør i framtida. Mange stader kan det føra til meir overvatn, med dei utfordringane og skadane det kan gi. – I Bømlo er me godt rusta for meir regn, og me forventar ikkje at overvatn vil bli noko stor problemstilling som følgje av auka nedbør, seier Jarle Andreassen, driftsleiar i BVA.

Når regnet fell og snøen smelter, trekker mykje av vatnet ned i bakken – det infiltrerer grunnen. Somme gonger vil ikkje alt vatnet infiltrera, til dømes dersom grunnen allereie er frosen eller metta med vatn, eller fordi vatnet fell på tette flater i utbygde område. Då vil vatnet renna på overflata – og blir det me kallar overvatn.

Dei gongene det oppstår mykje overvatn, kan vatnet renna som midlertidige bekkar gjennom terrenget eller i utbygde områder, og det kan samla seg på låge punkt der det vanlegvis ikkje står vatn. Slik ukontrollert avrenning og oppsamling kan gjera stor skade.

- Heldig stilt

Kva skjer då, når forskarane forventar tett på 20 prosents auke i nedbøren i Noreg fram mot 2100, og at nedbøren oftare vil koma som styrtregn? Må også bømalingane bu seg på fleire stengte vegar og overfløymde kjellarar? BVA har ansvaret for overvassleidningane i dei områda av kommunen der det òg går offentlege avløpsrør. Driftsleiar Jarle Andreassen er ikkje spesielt uroa for framtida.

– I Bømlo er me heldig stilt. Me har mykje natur og grøn mark som absorberer vatn, få store, flate innlandsområde der vatnet

samlar seg opp, og i dei fleste utbygde områda har overvatn kort veg gjennom overvassleidningane til vassdrag eller sjø. Dette gjer at det er mindre sjanse for stor og ukontrollert avrenning, eller at overvatnet hopar seg opp – noko som òg er grunnen til at me sjeldan høyrer om folk i Bømlo som får flaum i kjellarane sine, forklarar Andreassen.

– I byar og meir tettbygde strom, der det er mange fleire og mykje større tette flater i form av vegar, parkeringsplassar, store tak og bustadfelt, er overvatn ei langt

Om hausten er det ekstra viktig å følgja godt med så ikkje rister og slukar tettare seg når lauvet fell.

større utfordring, legg han til.

Må gi overvatnet plass

På grunn av dei naturgjevne føresetnadene til Bømlo-landskapet har BVA ikkje utpekt overvatn som noko særskilt satsingsområde.

– Enkelte stader kan det nok bli aktuelt på sikt å auka dimensjonane på overvassrøyr, men det finst òg andre tiltak. Ei løysing kan vera å opparbeida område der vatnet får lov til å stiga ved eventuell flaum. Det er ofte mykje billigare enn å skifta til større overvassrør.

God arealplanlegging er og blir BVAs viktigaste verkemiddel for å førebygga skader frå overvatn. Slik planlegging handlar om å setta av nok areal til å handtera overvatnet på ein trygg måte.

– Derfor er overvatn alltid eit tema i regulerings- og tekniske planar, og noko BVA ser på når me skal godkjenna tekniske planar. Når eit nytt område skal byggast ut med tette flater, til dømes eit byggefelt, samlar vatnet seg lettare i større mengder. Då spør me oss om det er kapasitet i overvassnett til å ta imot den auka avrenninga. Eit avbøtande tiltak kan då vera å avsetta areal til grøntområde som fordrøyer nedbøren på same måte som det opphavlege landskapet ville gjort, og me har

i VA-norma vår at grunneigar er ansvarleg for å fordrøya overvatn på eigen grunn, forklarar driftsleiaren.

– Er det noko den vanlege huseigar kan gjera for å redusera overvatnet?

– Alle huseigarar har ansvar for sine egne stikkleidningar, og dersom fleire kunne leia takvatnet sitt ut i terrenget i staden for inn på overvassnett, hadde det vore til god hjelp, ikkje minst dersom fleire husstandar i eit område går saman om dette. Her er

det viktig å minna om at ein må passa på at ein plasserer utløpet slik at dei ikkje skaper vanskar for andre naboar, til dømes nedstrøms, seier Andreassen.

Slik han ser det, er største utfordringa med overvatn i Bømlo at uønskt regnvatn lek inn i avløpsnett.

– For mykje regnvatn i avløpsrøyrane skaper uorden i kloakksystemet. Regnet «fortynnar» avløpsvatnet, noko som gjer det vanskelegare for oss å reinsa kloakken

skikkeleg i avløpsreinsstasjonane. I tillegg krev det ekstra energi å pumpa regnvatnet gjennom avløpssystemet, noko som resulterer i høgare straumrekning, påpeikar driftsleiaren.



Ombygginga av høgdebassenget på Ham-maren ved Urangsvåg blei gjennomført under pandemien.

Over leidningsnett er det lagt turstiar, og der stien kjem ned til Gåsland er det sett opp ein vass-post der turgåarane kan fylla friskt Bømlavatn på flaskene sine.

Heldt oppe utbyggingstakten

Då pandemien slo inn over landet, hadde BVA ei rekke utbyggingsprosjekt gåande. Ingen av dei vart nemneverdig påverka.

– Prosjekta våre har gått som før. Me gjennomførte alt me hadde starta på, og har planlagt og sett i gang nye prosjekt, oppsummerer driftsleiar Odd Petter Habbestad.

På lista over større ferdigstilte prosjekt finn ein ny hovudvassforsyning frå Naustbakken til Mosterhamn, ny vassforsyning til industrien i Hovlandshagen, samt ombygging av høgdebasseng med tilhøyrande leidningsnett i Urangsvåg – inkludert etablering av turstiar oppå røyrtraseane. Like over sommaren 2021 starta eitt av dei største investeringsprosjekta i BVAs historie: Nytt høgdebasseng og ombygging av vassreinsanlegget på Vorland.

For å tilfredsstilla smittvernomsyna, har prosjektgjennomføringa vore annleis gjennom pandemien.

– Me har blitt mykje flinkare til å nytta digitale løysingar og møtepunkt, og har til dømes gjennomført både tilbodssynfaringar og byggemøte på Teams. Dette har vore utruleg effektivt, og noko me tar med oss vidare, seier Habbestad.

Han legg til at det faktisk er først no at BVA for alvor merkar pandemien i utbyggingane.

– Materialar, deler og utstyr har blitt vesentleg dyrare og fått lengre leveringstid sidan i fjor. På somme innkjøp ser me ei prisstigning på nær 100 prosent gjennom pandemien, opplyser driftsleiaren.



Lytter seg fram:

På evig jakt etter vatnet som forsvinn

Lekkasjar er den største «kunden» til BVA, og ikkje betalar han for seg heller! Å lokalisera punkta der vatnet renn ut i grunnen har derfor høg prioritet, og gjennom kontinuerleg modernisering av nettet og nye og betre søkeverktøy finn Nils Ragnar Vika og Tor Eivind Gilje fram til stadig mindre hol i vassforsyninga.

– Hmmm. Her er det noko som ikkje stemmer.

Det er tysdag morgon. Dei vakthavande driftsoperatørane Tor Eivind Gilje og Nils Ragnar Vika er først på kontoret og i gang med å sjekka loggen over vassforbruket i heile Bømlo gjennom natta. På skjermen i driftssentralen i Hollundsdaalen ser dei at eit område på kartet er merkt med raudt. Raudfargen signaliserer at forbruket har vore høgare enn normalt for dette området.

– Om natta er vassforbruket i Bømlo nokolunde stabilt, så auka forbruk tyder derfor ofte på lekkasje, forklarar Vika mens han dykkar djupare ned i loggdata. Programvara han jobbar i både overvakar og styrer alle tre vassreinseanlegga i kommunen, høgdebas-

senga, og ikkje minst dei mange vassmålarane som står på strategiske punkt ute i leidningsnettet. Dersom forbruket overstig ei gitt grense for eit område, varslar systemet vaktmannskapa automatisk om dette.

Ein femtedel av vatnet forsvinn ut i grunnen

– Hah, denne gongen var det visst falsk alarm. Eg ser nemleg av loggen at forbruket var tilbake til normalen igjen no i morgontimane. Når me veit at det i dette området er eit havbruksanlegg som brukar ein del vatn, er det nok dei som har gløymt å skru av ein vasslange over natta. Dei oppdaga det sikkert då dei kom på jobb i dag tidleg, humrar Vika.

For dei to driftsoperatørane er søk etter og reparasjonar av lekkasjar i vassforsyninga i Bømlo ei av hovudarbeidsoppgåvene. Dei er på kontinuerleg jakt etter svinn i leidningsnettet. Og det trengst. Heile 20 prosent av drikkevannet BVA produserer forsvinn på vegen ut til forbrukarane.

Medan lekkasjedetektivane i tidlegare tider kanskje berre hadde ein alarm om for lågt vassnivå i eitt av høgdebassenga å gå etter då dei starta søk, har Vika

og Gilje eit langt betre utgangspunkt. Gjennom ei målretta og kontinuerleg modernisering av nettet gjennom fleire tiår, er det mellom anna installert mange kummar med vassmålalarar på strategiske punkt rundt i heile kommunen. Målarane overvakar og sender sanntidsdata om vassforbruket på kvart einaste punkt direkte til driftskontrollsystemet til BVA. Den informasjonen kan dei tilsette henta opp inne på driftssentralen, og ikkje minst på mobilane dei har med seg ute i felt.

Alle for ein når storalarmen går

Dei mange målepunkta har gjort det mogleg å dela heile vassnettet i Bømlo inn i mindre soner.

– Tidlegare visste ein kanskje berre at det



Tor Eivind Gilje og Nils Ragnar Vika har søkt seg fram til lekkasje

Tor Eivind Gilje lyttar seg fram til lekkasjar. Avansert lytteutstyr er til god hjelp i arbeidet.

var ein lekkasje ein eller annan stad i Langevåg. Det gav oss eit stort område å leita i, og ein måtte ut i felten for å snevra inn søket. Då gjekk det fort ei eller to veker før ein fann lekkasjen. I dag fortel datasystemet oss eksakt kva sone lekkasjen er i, til dømes ei av sju mindre sonene som Langevåg er delt inn i. Det betyr at me allereie har innsnevra leiteområdet betydeleg før me startar søk ute i felt, fortel Tor Eivind Gilje.

Når karane drar ut for å søka i ei bestemt sone, kan det vera som følgje av ei utvikling dei ser i vassforbruket – eller fordi overvakingssystemet sender ut ein alarm. Den kan gjerne gå midt på natta. Då er det vaktlaget på to personar som først rykker ut, men er det snakk om ein større lekkasje tar det ikkje lang tid før fleire kollegaer er på plass – anten desse har vakt eller ei. I BVA stiller dei tilsette opp for kvarandre – og vasskundane.

Sirklar seg inn

Ute i felt startar jobben med å finna ut eksakt kor i leidningsnettet vatnet forsvinn. Her nyttar menneskapa seg av ei rekke verktøy og metodar. Vika og Gilje startar typisk med å måla vassstraumen i hovudkummen i sona. Så tar dei for seg ein av leidningane som går ut frå denne kummen, og stenger av vatnet eit stykke utpå leidningen. Dersom det framleis strøymar vatn frå sentral-kummen og ut på den aktuelle leidningen, er det på den strekka det lek.

Gilje og Vika kan snakka i timevis om ulike strategiar for å måla og rekna seg nærare lekkasjane, og detektivarbeidet inkluderer òg bruk av «etterretningskjelder» som grunneigarar og naboar, og visuelle spor som blaut mark i ein tørkeperiode. Men ein ting er begge samde om: Det er vasskummane, -målarane og tilgangen til «blodferske» data på mobilane som legg grunnlaget for eit kjapt og godt søk.

– Om folk ser ein av oss jobba nedi ein kum, medan den andre står oppe og trykker på

mobilen, så er ikkje sistnemnde på Facebook – som ein del verkar å tru. Han jobbar han òg, ler karane, og fortel at dei faktisk har krav på seg om å vera to ved jobbing i kummar. Det

«Alt me har fått av system og utstyr gjer at me i dag er i stand til å lokalisera langt mindre lekkasjar enn me greidde før.»

Tor Eivind og Nils Ragnar Lekkasjedetektivar i BVA

handlar om god HMS, ikkje minst med tanke på at somme av kummane i vass- og avløpsnettet kan vera heile tre meter djupe.

Øyrene er hovudinstrumentet

Når operatørane har identifisert kva leidning som lek, tar dei i bruk sine viktigaste instrument: Øyrene. Når vatn lek frå røyr eller ventilar, kan det nemleg høyrast som

ein suselyd. Med seg i bilen har karane eit lite arsenal av lytteutstyr, som fangar opp og forsterkar desse lydane frå vassrøyra. Utstyret inkluderer alt frå enkle lyttestenger i metall til meir høgteknologisk mikrofonutstyr som lar operatørane lytta etter røyrus gjennom både asfalt, betong, jord og myr. Eitt av dei siste tilskota i verktøykassen er korrulatorene – som med avansert mikrofonteknologi kan angi kor på eit leidningsstrekk lydutslaget og sjansen for lekkasje er størst.

– Alt me har fått av system og utstyr gjer at me i dag er i stand til å lokalisera langt mindre lekkasjar enn me greidde før. Om ein lekkasje er ekstra vanskeleg å finna, drar me gjerne ut på natta. Då er det betre forhold for å lytta, og lågt nattleg vassforbruk gir færre feilkjelder i form av støy i røyrane. Dette gjer at søk på nattetid ofte er meir effektive enn om dagen, forklarar Gilje og Vika.

Begge synest lekkasjesøk er spennande detektivarbeid.

– Du blir litt gira, ikkje minst når det er snakk om større lekkasjar som kan ha store konsekvensar for abonnentane. Då bryr du deg ikkje om kva som er til middag, og gleda er stor når me finn fram og kan starta reparasjon. Ein kollega samanlikna det ein gong med orgasme, men det er kanskje å ta litt vela hardt i, ler dei to kompanjongane.



Lite, men alt for mykje

– At 20 prosent av vatnet vårt lek ut i grunnen er faktisk eit veldig lågt tal samanlikna med mange andre kommunar, og bra med tanke på at vassforsyninga vår strekker seg frå Brandasund i nord til Espevær i sør. Samtidig er det slett ikkje bra at ein femtedel av vassproduksjonen vår, rundt 326 million liter i året, går tapt. Derfor jobbar me heile tida med å redusera tapet ytterlegare gjennom å finna og fiksa lekkasjar i nettet, seier driftsleiar Jarle Andreassen.

Å minimera svinn handlar både om lågare kostnader og å sikra bø mlingane nok vatn til ei kvar tid.

– Det er ikkje gratis å produsera det gode drikkevannet me leverer. Først skal vatnet reinsast. Og sidan det meste av Bømlo er ganske flatt, er me nøydd til å pumpa vatnet over store avstandar fram til forbrukarane. Slikt kostar òg pengar, ikkje minst når straumprisane er så høge som dei har vore i haust, påpeikar Andreassen.

Han legg til at dersom BVA hadde hatt ein lekkasjeprosent på 50 til 60, noko mange norske kommunar faktisk har, ville ikkje selskapet greidd å levera nok vatn til kundane med dagens anlegg og infrastruktur.

– Då måtte me ikkje berre ha bygd større reinseanlegg. For å sikra at nok vatn kom heile vegen fram til kundane ute i bygdene, måtte me òg ha auka kapasiteten i leidningsnettet vårt betydeleg. Det er langt billigare å søka opp og tetta lekkasjar enn å utvida produksjonen og infrastrukturen, og dermed er det god økonomi å halda eksisterande røyr tette, fastslår driftsleiaren.



Ombygging av høgdebassenget på Hammaren blei ferdigstilt i 2021.

Bømlo er i rute med vatn og avløp

Store etterslep på investeringar og vedlikehald i vass- og avløpsnett gjer at innbyggjarane i mange kommunar i Noreg kan venta seg langt større gebyr i åra som kjem. – Den ordinære investeringsplanen vår tilseier ikkje at BVA må auka gebyra i Bømlo vesentleg. – Spørsmålet er likevel behovet for meir produksjonsvatn til industrien i kommunen og kva finansieringsløyising som skal veljast, seier dagleg leiar Audun Halleraker.

BVA legg no siste hand på ny «Hovudplan for vatn og avløp» for Bømlo kommune. Den inneheld 70 små og store oppgraderings- og vedlikehaldstiltak som BVA meiner bør gjennomførast for å gi kundane best mogleg tenester til rett pris. Prosjekta inkluderer alt frå bygging av nye leidningar til utviding og opprusting av eksisterande anlegg.

– Me har jobba jamt og trutt med utbetringar av vass- og avløpsnett i ei årrekke, og har

teke unna mykje av det etterslepet mange andre kommunar må gi seg i kast med no. I den nye hovudplanen ser me for oss å investera rundt 20 millionar i året. Det skal vera nok til å halda oss à jour med utbyggingar og vedlikehald, slik at me unngår tunge og kostnadskrevjande løft, forklarar Audun Halleraker.

God utbetringstakt

Han vedgår at BVA òg har eit visst etterslep på oppgraderings- og vedlikehaldssida, men at det ikkje er så stort at selskapet treng setta i verk mange store prosjekt samtidig.

– Me føler me har grei kontroll og god utbetringstakt. Innanfor vassforsyninga ligg me godt an, med ein lekkasje-prosent på relativt låge 20 prosent. På dette området bør det mellom anna utførast ein del oppgraderingar på vassverk me har overteke frå private, men dette kan gjerast over tid. På avløpssida starta me for eit par år sidan ein innsats for å registrera og utbeta innlekk, der regn og grunnvatn renn inn i avløpsleid-

ningane. Det vil me halda fram med, og ved å få kontroll på innlekka sparer me pengar ved å pumpa mindre regnvatn gjennom avløpsleidningane.

Med investeringsløpet som er lagt i hovudplanen, treng ikkje bømmlingane kvi seg for store gebyr aukar dei komande åra.

– Me planlegg å køyra ei jamn linje på nivå med dagens gebyr. Det kan alltid skje uføresette hendingar som gir store ekstrainvesteringar, men per i dag kjenner me ikkje til noko som kan vera forvarsel om slikt, seier BVA-sjefen.

«Den ordinære investeringsplanen vår tilseier ikkje at BVA må auka gebyra i Bømlo vesentleg.»

Audun Halleraker
Dagleg leiar i BVA

Meir vatn til industrien - kven tar rekninga?

Samstundes som arbeidet med ny hovudplan for vatn og avløp pågår, dukka utfordringa med industrien sitt auka behov for meir produksjonsvatn opp. Slik

det har kome fram i lokalpressa er det fleire store, flotte utbyggingsprosjekt på gang i kommunen: Fiskerihamna i sør, ei storutbygging av Bremnes Seashore sin fabrikk i Kvernavika, samt det som skjer i industriområdet i Rubbestadneset. I BVA har me valt å sjå

dette behovet litt på sida av hovudplanen, fortel Audun Halleraker. – Grunnen er todelt; kva er BVA si leveringsplikt og korleis skal denne utbygginga finansierast?

– BVA ynskje ikkje å forskottera noko løysing på denne utfordringa, men har ovanfor eigar påpeika plikta BVA som kommunen sitt VA-selskap har, samt kva utfordringane med dei forskjellige alternativa kan vera, sluttar Halleraker.



Framtida blir våtare

I rapporten «Klima i Norge 2100» presenterer Norsk Klimaservicesenter følgjande hovudfunn korleis klimaet er forventa å endra seg fram mot år 2100:

- Årstemperatur: Auke på ca. 4,5°C
- Årsnedbør: Auke på ca. 18 prosent
- Styrregnepisodane blir kraftigare og vil førekoma hyppigare
- Regnflaumane blir større og kjem oftare
- Snøsmelteflaumane blir færre og mindre
- Det blir færre isbrear og dei som er igjen har blitt mykje mindre
- I lågtliggende område vil snøen bli nesten vekke i mange år, mens det i høgfjellet kan bli større snømengder i enkelte område
- Havnivået aukar med mellom 15 og 55 cm, avhengig av lokalitet

Norsk Klimaservicesenter er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt, Norges vassdrags- og energidirektorat, NORCE og Bjerknessenteret.



Filteret «knuser» vatnet slik at det ikkje sprutar utover. Når det kjem rusk i det kan ein skru det av og gjera det reint.

– Hjelp, krana sprutar i alle retningar!

– Kva skal eg gjera? Etter at vatnet kom tilbake, sprutar krana mi i alle retningar!

Dette er eit spørsmål som BVA stundom får etter å ha stengt av vatnet i samband med reparasjonar og vedlikehald på vassnettet. Langt hyppigare kjem spørsmålet om kvifor vatnet i springen er brunt og grumsete etter slike stengingar. Sekretær Elise H. Halleraker har svaret på begge problemstillingane.

– Det som har skjedd, er at litt av belegget som finst inni alle vassleidningar har losna då me sette trykk på vatnet igjen. Dette belegget kan gi brunt og grumsete vatn i krana. Av og til samlar det seg som «rusk» i filteret på vasskrana – noko som kan få spruten til å stå skeivt, forklarar ho.

BVA rår abonnentane til å spyla ut brunt og grumsete vatn ved å opna kaldvasskrana på det lågaste uttaket i huset, til dømes ei utekrane. Det er viktig at du nyttar kaldvasskra-

na, for å minimera mengdene med grums som kjem inn i varmtvassberedaren.

– Det er òg viktig å presisera at belegget som gir brunt vatn ikkje er farleg, om ein skulle få det i seg, poengterer Halleraker.

Kva så med skeiv sprut? Det fiksar du lett ved å lausna filteret ytst på vasskrana med høveleg verktøy og deretter fjerna eventuelle framandlekamar som har lagt seg i «gitteret».

Vannvittig :-)

Per: Eg har ein penn eg kan skriva under vatn med!

Else: Å?

Per: Ja, men eg kan skriva andre ting med han òg, altså...



Bømlo Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Hollundsdaalen 21
Tlf: 53 42 88 40
Vakt: 53 42 88 45

Retur:
Bømlø Vatn og Avløpselskap AS
Pb 214
5445 Bremnes



spirit

Det renn mykje vatn ut frå vatna i Bømlø, her
frå Finnåsvatnet i byrjinga av november.



friskt